

Rundskriv R

Samtlige departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-6/2013	13/3513 C AH/	20. august 2013

Statsbudsjettet 2014 - direktiver for bekreftelsesbrev og innlevering av tekst til Gul bok

Alle rettelser og endringer i rammefordelingsforslaget for 2014 skal bekreftes i eget brev fra fagdepartementene.

Dette bekreftelsesbrevet skal sendes Finansdepartementet innen fredag 30. august 2013. Samme dag skal endringene leveres elektronisk enten via Budkom eller på annet lagringsmedium. Meldingstypen er "Utvidet bekreftelsesbrev". Ved behov for brukerstøtte, ta kontakt med DSS Brukerstøtte BUDMOD. Videre skal tilsagns- og bestillingsfullmakter og romertallsvedtak også leveres via Dokcom eller på annet lagringsmedium.

Bekreftelsesgrunnlaget er fagdepartementenes innsendte rammefordelingsforslag per 22. juli 2013 (tallfil levert via Budkom). Utskrift av foreløpig utkast til vedtak i Gul bok 2014 basert på fagdepartementenes innsendte fil, vil bli vedlagt Finansdepartementets rammebrev som sendes ut etter Regjeringens budsjettkonferanse. Alle endringer må være i forhold til dette.

Vi vil presisere at på alle 01- og 24-poster må det posteres på underpost. Endringer i kapittel- og posttekster, stikkord, avsnittsbetegnelse mv. kan foretas direkte på tilsendte papirutskrift, som deretter returneres i kontrollert stand.

Det bes spesielt om at det i bekreftelsesbrevet ikke blir tatt opp saker som forutsetter saksbehandling i Finansdepartementet. Sakene skal være avklart før bekreftelsesbrevet sendes.

Utkast til fagproposisjoner

Det er svært viktig at vedtakslistene i fagproposisjonene er identiske med vedtakslisten i Gul bok. Vi gjør oppmerksom på at det er tall og tekst i Gul bok som er grunnlag for vedtaket i Stortinget.

Utkast til fagproposisjoner skal leveres Finansdepartementet tirsdag 3. september 2013, jf. *Hovudbudsjettsskriv for 2014 (R-4/2013)*.

Bidrag til departementsomtale i Gul bok

Fristen for å levere tekster til departementsomtalene i Gul bok er onsdag 18. september 2013. Det vises til pkt. 6.1 i *Hovudbudsjettsskriv for 2014 (R-4/2013)* om utforming av departementsomtalene til Gul bok:

“Utforming av departementsomtalene i Gul bok

Departementsomtalene i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løvvingsforslaga og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kvart departement skal utarbeide omtale for områda sine og sende dette til Finansdepartementet innan 18. september.

Oversiktstabell

Tabellen skal gi ei oversikt over budsjettforslaget på programkategori-nivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2013), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2014) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingane under eit departement, bør dette omtalast kort i fotnotar under tabellen.

Tekstleg omtale

Departementsomtalene skal ha tre hovuddelar.

- I den fyrste delen skal hovudtala i budsjetttopplegget omtalast kort. Omtalen skal vere utfyllande i forhold til tabellen og skal berre unntaksvist framstille tal i tabellen.
- Andre del skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2014-budsjettet. Denne delen skal bestå i ei strekliste med kort omtale av tre til fem hovudprioriteringar. Større innsparingsforslag er å rekne som prioriteringar, og bør derfor inngå i streklista.
- Tredje og siste del utgjer hovuddelen av departementsomtalene. Her skal det vere ei kortfatta omtale av hovudtrekka i utgiftene til departementet. I omtalen skal det leggjast vekt på utgiftsnivået og dei største ansvarsområda til departementet. Viktige utviklingstrekk i utgiftene over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av utgiftene til departementa, er det viktig at denne malen blir følgd.

Lengda på departementsomtalene

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeidsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: 1 ½ side
- dei andre departementa: ¾ side

Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen

Malane og stilane som nyttast ved utforminga av fagproposisjonane, skal òg nyttast ved utforminga av departementsomtalen i Gul bok. Det er ikkje gjort endringar av stilar og malar etter siste produksjon.

Departementenes servicesenter (DSS) vil gi nødvendig brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidninga av departementa sine bidrag til Gul bok.

Utkasta må leverast både på papirutskrift og via Budkom/Dockom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Tabellane må stillast opp slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

Med hilsen

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Ann Kariin Holand
rådgiver